




HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for September 2012.

Distrikt 2305
Klubbnr. 12713

Årgang 48



Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til Hareid
IL, 6060 Hareid.
President: Jarle Kristiansen
Visepres: Karin S. Holstad
Sekretær: Arne G. Aschehoug
Kasserar: Johs. J. Hareide
Past pres: Magnar Hatløy
Styremedlem: Barnhard Harkjerr
Styremedlem: Øystein Alme
Ansv.red.: Aage Nytun
Referent: Oddvar Haugen
Johan Ole Brandal

Fødselsdagar i september:

Johs. J. Hareide	16. september
Oddvar Haugen	18. september
Ingar Bigset	25. september

HØST

*Et fargerikt teppe
kler skogen til fest
en vinter i vente
der høsten er best.*

*En tornado av farger
gir sjelen min ro
for her vil jeg bygge
Ja, her skal jeg bo.*

*Naturens stier
de skal vi gå
men husk at du alltid
litt varsomt må trå.*

*Naturen har krefter
i vann og i vind
så gå ut og se den
med åpnede sinn.*

Marit Irene Jensen

Mandag 3. september.

Bedriftsbesøk på Dimo AS.

Dimo AS er eit nytt tilskot til næringslivet på Hareid. Firmaet har etablert seg i Godsterminalen på Hareid, der dei har modernisert lokala og tilpassat dei til drifta si.



Dimo har basert si drift på bygging og vedlikehald av hydrauliske system til skip, skipsverft og anna type industri. Området der bedrifta er lokalisert er definert som ISPS hamn, og gode kaitilhøve gir god tilkomst for båtar når service og evt. vedlikehold skal utførast. Firmaet er også med i prosessen ved bygging av nye skip.

Til offshoreflåten vert det levert bl.a.

Hydrauliske power pakkar, ventilar, hydrauliske motorar, og diverse elektriske komponentar.

Til fiskeflåten vert det levert.

Dekksutrustning, vinsjar, ulike typar ventilar og sylinderar, elektriske kontroleiningar, og hydraulisk spleiseverktøy.

Dimo har eit samarbeid med Fiskerstrand Verft, og dit vert det levert i samband med bygging av fergjer, baugportar, ankervinsja, davitar og elektriske komponentar.

Til landbasert industri er firmaet leverandør av

Hydrauliske einingar og komponentar, ulike typar av sylinderar, filter av diverse typar, samt service og oppfølging.

Dimo bygger og leverer eigen type Hydraulic power unit til landbasert så vel som offshore virksomheit. Det same gjeld ulike typar med kjøle og filtreringseiningar.

Firmaet har eigen flushing eining til rensing av ulike typar vesker. Bl.a. olje. Denne eininga vert også leigd ut ved behov.

I tillegg er firmaet leverandør av et stort utval av ventilar, pumper, sylinderar til ulike formål.

Det blir også levert og montert ein metode som hindrar korrosjon på skip. Denne erstattar dei tradisjonelle sinkanodene.

Dimo AS er eit firma som leverer utstyr av høy teknisk kvalitet, og omsetninga i firmaet gir også signal om at dei har funnet sitt felt og område å tilby sine tenester.

Daglig leiar Asbjørn Pilskog var engasjert foredragshaldar.

Mandag 10. september.

Som vanleg starta møtet med at presidenten ønskte velkomen og songen som vart vald tona godt gjennom lokatet.

Presidenten ønske kveldens foredragshaldar, Kjersti Kleven, velkomen.

Kjersti Kleven er styreleiar i Kleven Maritime, og hadde som tema Historia til Kleven Verft AS.

Starten var i 1917, i smia til Marius Kleven ned i fjøra i Gursken, der Myklebust Mekaniske AS er i dag. Myklebust Mekaniske AS er i dag en del av Kleven konsernet.

I 1939 vart Kleven Verft danna.

Filosofien heilt i frå starten var: Vi skal gjere godt arbeid, og vere til å stole på.

Første tida var det reperasjon og vedlikehald av båtar som var oppdraga. Det utvikla seg etter kvart, og i 1961 var første nybygget levert.



Med nybygg vart det etter kvart behov for større plass, og store utvidingar av verftet fylgte i åra framover. Ulike skipstypar vart bygde, som lasteskip, kystvaktfartøy og no siste tida ulike offshorefartøy. Verftet har også levert hurtigruteskip.

Kleven Maritime, med verfta Kleven Verft og Myklebust verft er i dag landets største norske skipskonsern.



Kleven Verft AS

Myklebust Verft AS



Og har som filosofi:

Langsiktig eigarskap

Designuavhengig skipsbyggingsindustri

Utfordringa dei har for å kome i mål med denne filosofien, er

Korleis lukkast i den globale kunnskapskonkuransen

Korleis også i framtida halde på statusen som leverandør av det fremste innan design, kvalitet og teknologi

Kva vert gjort for å vere leiande i framtida.

Modellen dei har skissert er slik:

Strategiske relasjoner og alliansar

Redusere risiko

Utvikle byggemetodar

Målretta flytte oppgåver attende til Noreg

Gjennomføre omfattande investeringar, som

Anlegg

Automatisering av prosessar

Robotisert sveising

Avansert teknologi for handtering og logistikk

Etablering ute for å støtte kunden der han er

Fortrinn:

Kunnskap og evne til beslutningar på alle nivå i bedrifa

Breitt samarbeid med strategiske leverandørar

Logisk byggemetode og kort leveringstid

Høg kvalitet og moderne produksjonsutstyr


Rett handtering og installasjon av avansert skipsutstyr

Evne til å produsere prototypar og forbetringar basert på kunden sine ønske.

Med alt dette, og meir til, engasjerte Kjersti Kleven forsamlinga på ein drivande og humoristisk måte, i den timen ho hadde fått til å presentere verfta under Kleven Maritime AS.

Som vanleg var det også sett av tid til spørsmål.

Presidenten takka Kjersti med ein bukett blomster. Vel fortent.



Mandag 17. september.

Møtet opna med songen "De nære ting".

Presidenten informerte om Ryla 2012, som skal avviklast på Quality Hotel i Ulsteinvik 18. til 20. oktober 2012. Her har klubben fått 1, kanskje 2 gode kandidatar.

Så blei mikrofonen given til kveldens foredragshaldar; Kristian Remøy Endresen.

Foredraget hadde tittelen "**På sykkelfor kreftsaka**".

Kristoffer som er 21 år, miste i 2009 både ein onkel og bestefaren, som han var svært knytt til.

Begge døde av kreft og dette var det som seinare på året leia til at Kristoffer bestemte seg for å slå eit slag for kreftsaka.

Målet han sette seg var at han skulle sykle Noreg rundt, og at han skulle samle inn 1 million kroner for kreftsaka.

Ambisiøse mål, som han sette alt inn på å nå.

Hovuddelen av fordraget hadde fokus på dette med "oppskrift til suksess".

Klare mål, ha tru på det ein skal gjere, halde seg til planen. Plan B er berre aktuelt dersom ein ser at plan A ikkje let seg gjennomføre.

Planlegginga av turen starta i oktober 2009, og før starten den 19. juni 2010 hadde Kristoffer vore sjuk fleire gongar, vore Russ og hatt eksamen på UVS, men turen gjekk som planlagt.

Pengane han samla inn kom i stor grad frå rike fiskebåt- og offshorereiara på Remøya der Kristoffer bur, og heimeområdet elles.

Starten gjekk i Fosnavåg 19.juni 2010. Då var det storm, men heldigvis for Kristoffer var det medvind, som varte heilt til Lindesnes, og eit stykke nordover igjen.

Frå Oppdal og nordover vart det regn og tunge forhold, men motet var godt og framdrifta god.

Då Kristoffer såg Nordkapp fekk han ekstra energi, og heldt ei fart på 50-60 km/t. Turen sørover gjekk strålende, i storslått natur og med publikum langs ruta fleire stader.

Sluttetappen frå Hareid og heim til Fosnavåg hadde han sett føre seg mange gongar undervegs. Her var han i kjent landskap, og kjende kvar sving og kvar motbakke. Den vart akkurat slik han hadde tenkt, berre endå betre. Politiekorte og jublende menneske langs ruta heilt frå Hareid og heim til Fosnavåg.

Då kong Olav var her fekk han ekskorte berre i 5 km, medan Kristoffer fekk eskorte heile vegen ☺
Turen på til saman 5400 km hadde gått etter planen, og 1 million var kome på konto.

Konklusjon var at det går an å sette seg høge mål og ha store draumar dersom ein førebur seg skikkelig, og har tru på at ein skal lukkast.

Til trass for at Kristoffer er ung av år har han opparbeid seg ein livsstil og eit livssyn som vitna om ein mann med plan og meinings med livet sitt.

Kristoffer røpa at han har ein draum om ein dag å bli ein etterspurd internasjonal foredragshaldar.

Med god gjennomføringsevne og rike talegåver kan det nok godt hende at det blir slik.

Vi ynskjer lukke til, bøyer oss i respekt for vel gjennomført oppdrag for kreftsaka, og ser fram til å sjå korleis det går med han.

Mandag 24. september.

Programfritt møte med kaffi og prat.